

# Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2024

## SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og har pr. 31.12.24 435 registrerte medlemmar. Medlemskapet kostar kr 200 kroner for privatpersonar og kr 300.- for familiar. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet.

## GÅVER- TILSKOT I 2024

Fra Norsk Tipping Grasrotandelen 2024: 69 564 kr

Gåver 2024:

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane til grindbygg kr.100 000 kr.

Sparebanken Vest til Grindbygg kr.150 000.-

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Støtte til infoskilt krigsminne mm: 100 000 kr

Driftsstøtte fra Kinn kommune: 109 000 kr.

Gave fra LHL, Landslaget for Hjerte- og Lungesyke: 5000 kr.

Vi fikk ikke noe i momskompensasjon i 2024, vi søkte som vanlig etter forenkla modell.

Medlemstall 2024 er 435 og totalt innbetalt medlemskontingent er kr 115 000

Vi er takksame for alle gåver og inntekter. Dei vert alle styrt mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

## DRIFT

Folkeparken er eit svært populært tur- og rekreasjonsområde og vert brukt heile året. Området er også mykje brukt til uformelle samlingar for lag, organisasjonar, skuleklassar og andre. Vi har ikkje gjennomført teljingar, men meiner fleire hundre er i folkeparken kvar veke. Vi har funne ei driftsform som virker å vere godt motteke av dei fleste.

Med nokre unnatak har det vore lite uro og uønskt åtferd i året som har gått. Flaskeknusing er somme tide eit problem. Folk er flinke til å bruke søppelkorgene og det er lite avfall å rydde, så folket er i det heile flinke til å rydde opp etter seg og halde det fint i parken. Det er likevel eit problem med søppelkorga ved gapahuken, den vert ofte for full.

Folkeparken og arbeidet som vert utført blir lagt merke til av andre langt ut forbi Kinn Kommune. Alle desse som har vore på informasjonstur til oss vil vite korleis vi får til alt dugnadsarbeid, drift og aktivitet elles. Eit spesielt besøk var frå National Geographic, sjå avsnittet om slåttekarane.

### Utdrag frå saker behandla i styret.

- Drift av kafeen og dagleg drift av folkeparken
- Oppfølging og gjennomføring av prosjekt og investeringar
- Søknader om støtte til investeringar, m.a nytt grindbygg i aust
- Verving av støttemedlemmer
- Skilting av veger og rasteplassar
- Organisere dugnadsprosjekt, bygge St. Hansbål, stelle marker, badestrand og skogsområde
- Tilsyn og drift servicebygg, verkstadbygg, gapahuk og grillhytte
- Skilting og merking av parkeringsplass i samarbeid med Kinn kommune
- Utvikle og ferdigstille austre del av strandområdet

## SÆRLEGE FORHOLD I 2024:

Det nye grindbygget « Grinda» ble tatt i bruk og det vart montert ny grill i nærleiken av bygget. Alle grillane fekk avlastingsbord for å lette grilling. Sjå avsnittet om Gapahuken, grillhytta og anna dugnad.

Det har vore arbeid med eit informasjonsprosjekt i samarbeid med historielaget og Krigsminneforeninga. Prosjektet har fått støtte på kroner 100 000 frå Sparebankstiftinga.

Knut Roald og Fredrik Gulbranson laga ein reportasje om Sørstrand Folkepark i «Jul i Sunnfjord»

## DUGNADSARBEIDET

Folkeparken har ca 70 frivillige som driv kafe, naturvedlikehald/slått vår, sommar og haust, skog- og strandrydding. Den frivillige innsatsen er nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Så er reparasjon av skader på bord og bygningar blitt en nødvendig del av dugnadsarbeidet. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

## Ein presentasjon av dei ulike frivillige sin innsats i 2024:

### SERVICEBYGGET OG SANITÆRANLEGGET

#### Årsmelding 2024 for Sørvisbygget på Sørstrand

Husstyret 2024: Arild Melvær, Norgunn Kalland, Bente Wøien og Kari Slettvåg

#### **Kafédrift:**

Kaféen har vore open heile året. Opningstidene i frå september til mai har vore tysdagar og søndagar, i sommarhalvåret har ein også hatt laurdagsopen kafé og i sommarferien frå 15.juni og ut juli har kafeen vore open kvar dag takk vere kafévertar frå KURS KF som har drifta kaféen på dagtid fire dagar i veka.

Kaféen er godt besøkt og inntekta er god. Vi har valt å halde prisane på same nivå som tidlegare år slik at alle skal ha høve til å handle i kafeen. Også vareutvalet er omtrent som tidlegare.

Drifta av kaféen er som tidlegare år eit dugnadsprosjekt. Arbeidslaga er stabile og det har vore lite utskifting av frivillige slik at kontinuiteten har vore god. Arbeidslaga er framleis leia av ein arbeidslagsleiar som organiserer sitt eige lag og er sjølvgåande. Det er ca 60 personar som jobbar dugnad i kaféen.

#### **Aktivitet i Sørvisbygget:**

I Sørvisbygget har det vore ulike aktivitetar i tillegg til kafédrifta, slik som arrangement for innvandrarar i regi av Sanitetskvinnene, Turlagskurs og arrangement, Bokbad, Teater for born, Kunstutstilling, ST.Hansfeiring, Operakonsert og andre arrangement i regi av lag og organisasjonar.

Vi har og hatt samlingar for frivillige på Sørstrand og alle styremøte for hovudstyret og husstyret er haldne i Sørvisbygget.

Reinhald blir framleis utført av BB-gruppa

#### **Økonomi:**

Overskot i 2024 var kr 54367,20. Vi har investert ca 50000 i støvsugar, industrivaffeljarn og betalt halvparten av dei nye utegrillane (45000). Saldoen pr 1.1.25 er kr 304057,65, så ein kan seie at økonomien i kafédrifta er svært god. Inntekta i kaféen auka i 2024 i høve året før.

## SLÅTTEKARANE

Sørstrand Folkepart omfattar vel 72 mål med strender, markar, skog og turstiar. Omlag 40 mål er slåttemark som slåttekarane held i orden.

Slåttekarane har i 2024 gjennomført 9 rundar med slått på Sørstrand, frå mai til september. Kvar runde tar 3-4 timar når det er godt oppmøte i dugnadsgruppa. Slåtteleiar Knut Roald har med seg ei solid gruppe på 9-10 arbeidsvande karar som brukar si erfaring frå gards- og tun arbeid til beste for Sørstrand Folkepark. Slåtteterrenget er noko ujamnt, noko som gir utfordringar for maskinparken. I samarbeid mellom dei mest maskinvande karane i slåttegruppa, er det no difor innført eit meir systematisk vedlikehaldsregime etter kvar slåtterunde. Trykkspyling, reinsing og sjekk av drivsystem, boltar og skrufeste. Dette har fungert godt slik at det i 2024 har vore færre reparasjonar på dei fire beitepussarane som Sørstrand rår over.

Ei markant hending for Slåttekarane i 2024 har vore besøket frå National Geographic ved den kjende programleiaren Dan Buettner. Han produserer TV-serien «Blue Zones» til eit høgt tal land på verdsbasis. Med fullt filmteam intervjuar og filma Buettner fleire av Slåttekarane i full sving til eit program som skal vise dugnadsånd som eit særskilt norsk fenomen. Vi la vekt på å fortelje om alle dei andre aktive dugnadsgruppene som også er i sving for drifte aktivitetane på Sørstrand. Fleire andre dugnadstiltak i Florø blei også filma dei dagane National Geographic var i Florø. Programmet kjem mellom anna på Netflix i første halvdel av 2025.

## GAPAHUKEN, GRILLHYTTA OG ANNA DUGNAD

Irene Hjorthol har ansvaret for bruken og vedlikehald av GAPAHUKEN. Ho organiserer i tillegg dugnadar både i området der gapahuken er, og elles i heile Folkeparken. Dugnader vert organisert og gjennomført effektivt og med godt humør.

Det er ikkje utført saging av tre og klipping av busker av dugnadsgjeng i 2024, då mykje av dette vart gjort året før. Men Ole Martin Bøhn og Magne Hovland har jobba mykje med nedsaging og rydding av skog, spesielt på marka ved Nordsidevegen.

I mai vart det plassert endå ein ny grill, samt anretningsbord til alle dei tre grillane på stranda. Det vart innkjøpt ei stor helle frå steinbrotet på Lykkjebø, som vi monterte ved den store grillen. Dette vart gjort av Leonhard Vårdal og Jack Ingebrigtssen med hjelp frå Terøy gravemaskin til å løfte den opp. Dette vart eit stødig bord til "kongegrillen" som blir mykje nytta.

I mai horva Magne Hovland opp stranda med traktoren, så det blei nyhorva strand til 17. mai.

I juni blei det innkjøpt spann, spader, ballar etc som borna kan bruke på stranda, og ei fin opa metallkasse til å ha dei i denne. Denne blei montert på utsida av den vesle boda.

I juni blei det laga jonsokbål i regi av Jan Henrik. Han og Ole Martin organiserte båltenning og fyr i alle grillane.


I september blei det beising av Gapahuken, samt oppgraving og rydding av ugras rundt gapahuken og plassen rundt, ved Guro, Jack, Lillian, Marit og Irene.

Elles er det jamleg tilsyn og plukking av glasbrot frå mai og utover sommaren. Flaskeknusing har vore eit problem.

Også tømning av bosspannet ved Gapahuken, som ofte er overfylt, og fuglar som riv bosset utover.

Det blir no lagt bossekker og hanskar i Grillhytta. Nøkkel til grillgytta ligg i boks med kodelås.

## TANGLOPPENE



Gunn og Jan Veberg leiar ein av ryddegjengane på Sørstrand folkepark som kallar seg for Tangloppene.

Vi er til vanleg 2-8 personar som deltek i denne gruppa. Det har av ulike grunnar vore litt frafall siste året diverre. Det vert rydda etter behov. Det kan bli nokre lange arbeidsøkter om det har vore sørlig eller sørvestleg vind over litt tid.

Første rydde dag i 2024 hadde vi 16.03 slik at stranda var presentabel til påske. I løpet av sesongen vart det omlag 10 ryddeøkter. Avslutta ryddesesongen 06.09.

Ser at det no er nødvendig med ein del ekstra vedlikehald av stranda. Det kjem fram ganske mykje stein etter kvart som sanden vert dregen utover mot djupare vatn. Denne steinen bør vel plukkast vekk før vi får gravemaskin for å få sanden lenger opp på stranda. I løpet av vinteren har det samla seg svært mykje tang så her må nok Tangloppene kanskje fri til andre grupper om hjelp dersom ikkje naturen tek eit tak med stor flo og nordavind. Det er store mengder som må køyrast vekk.

Muren ned mot stranda må få litt vedlikehald.

## PROSJEKTARBEID OG INVESTERINGAR I 2024 OG VÅREN 2025

Det opne grindbygget i aust, GRINDA, vart ferdig våren 2024 og er budsjettert til kr 520.000 inkl mva. Bygget er fullfinansiert og Kinn kommune vil stå som eigar av bygget, medan folkeparken finansierer heile byggekostnaden. Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest og Nor tekstil har bidrege med kr 375.000 til grindbygget. Kommunen har gjeve løyve til å bygge på deira grunn, utan kostnad for oss.

I tillegg har vi dei faste oppgåvene med å halde heile området tilgjengeleg og velstelt.

Styret vil også i 2025 fokusere på planmessig forvaltning, drift og vedlikehald av heile området før en går i gong med nye prosjekt som krev dagnadsoppfølging. Styret har igangsett eit prosjekt for betre synleggjering når ein kjem på tur til folkeparken. Ny arbeidstraktor / ATV vil truleg kome på plass våren 2025.

Vi vil også arbeide med fleire mindre arbeid og prosjekt med lav kostnad som i sum vil bidra til å holde området og bygningane innbydande for alle brukarar av Sørstrand folkepark.

Slike mindre prosjekt kan vere:

- Ordne badestranda før sommarsesongen
- «Disselenge» – disse, leike/trimapparat
- «Biekollektiv»
- «Konglehus»

## REGNSKAPET FOR 2024

Resultatregnskapet for 2024 viser eit overskot på kr 388.453.- Vi har kr 526.931.- på konto pr 31.12.24 mot kr 458.279.- på same tid i fjor. Eigenkapitalen utgjorde kr 2.426.326.- pr 31.12.2024, opp frå kr. 2.037.874.- pr. 31.12.2023.

## ADMINISTRATIVT

Styret har hatt 7 styremøte i 2024. I tillegg er det avhalde årsmøte 28.februar. Dei viktigaste sakene er omtala her i årsmeldinga. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. ECIT er regnskapsfører og Stein Soltvedt er valt revisor.

**Styret vil takke alle frivillige som legg ned ein kjempeinnsats for at parken skal framstå som den perla den er.**

### For styret i Sørstrand folkepark

Jan Henrik Nygård, leiar                      Fredrik Gulbranson, nestleiar                      Irene Hjorthol, styremedlem

Kari Slettvåg, styremedlem                      Guro Kvalsund, styremedlem                      Ole Martin Bøhn, økonomiansvarleg

Silje Sveen, styremedlem